

01.01.2020



Retningslinjer for pressekontakt i Volda kommune

Desse retningslinjene gjer greie for korleis Volda kommune skal samhandle med presse og aktivitet i media. Retningslinjene omfattar ikkje krisekommunikasjon, då dette er skildra i kommunen sin eigen plan for krise og beredskap.

Retningslinjer for pressekontakt

- a) Kommunen skal så langt som råd jobbe mot meiroffentlegheit. Vi skal derfor svare på førespurnadar frå presse med openheit og gi kommentarar/svar så raskt som mogleg.
- b) Hovudansvaret for informasjon ligg hjå kommunedirektør og ordførar. Ordførar, og tenesteutvalsleiarar, er ansvarlege for å gi politiske kommentarar og vurderingar. I saker som vedkjem prinsipielle eller strategiske spørsmål er det kommunedirektøren eller relevant kommunalsjef som skal uttale seg på vegne av kommunen.
- c) Dersom avdelings- eller seksjonsleiar har betre oversikt over temaet, og kan gi ei heilskapleg framstilling, skal desse også kunne gi faktaopplysningar eller faglege vurderingar. Målet er at pressa alltid skal få svar.
- d) Alle tilsette i Volda kommune har yrtingsfridom som privatpersonar. Dersom ein tilsett uttalar seg i offentleg debatt om kommunen sitt ansvarsområde, skal ein presisere overfor presse at ein uttalar seg som privatperson.
- e) Som eit utgangspunkt skal kommunen ikkje svare på lesarbrev i trykt presse. Dersom det er behov for å korrigere faktafeil kan nytt lesarbrev eller pressemelding vurderast. Dette skal i tilfelle først diskuterast med kommunedirektør, kommunalsjef eller ordførar.
- f) Dersom tilsette ynskjer å gå ut med saker til pressa, skal dette først avklarast med sin aktuelle kommunalsjef i forkant.
- g) Skulle ein tilsett vente at det vil kome negative presseoppslag, skal nærmaste leiar, eventuelt kommunedirektør, gjerast merksam på kva som kan kome. Dette for å vere best mogleg budd på å handtere situasjonen.